



Os sanitetsforening

Dato: 12.09.2014

Vår ref.: 2014/543-70

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Dykkar ref.:

## **Os kommune - tilsegn om tilskot til lokale kulturbygg, anleggsnr 1243 0091 01 Kløvertun forsamlingslokale**

Vi viser til søknad om tilskot frå ordninga for lokale kulturbygg.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har vedteke den 19.08.2014 (sak 99/13), å tildele kr 207 000,- til Kløvertun forsamlingslokale.

Ved tildelinga for 2014 var det kr 4 445 050,- til fordeling. Det kom inn 22 søknadar innan fristen. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Vedtaket er i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling:

«Prioritert som nr 1 av kommunen. Fylkesrådmann finn å støtte tiltaket»

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med prosjektgrunnlag og plan for kostnader og finansiering. Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med vilkåra for tildeling i retningslinene (sjå link) <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Retningsliner-Vilkar-for-tildeling/>

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling etter framdrift og likviditetsbehov. Søknad om delutbetaling må innehalde ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrift av arbeidet

2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.

3. Sluttutbetaling skjer etter at kontrollert rekneskap er sendt inn samar med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap ved tilsegn om tilskot over kr 100 000,-

4. Inntil revidert rekneskap og sluttrapport ligg føre, skal Hordaland fylkeskommune halde attende minst 10% av tilskotet.

5. Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.

6. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak knytt til spelemidlar løyvd gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsak til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Os kommune